

# Planstrategi for Lesja kommune 2021-2024

jf. plan- og bygningslova §§ 10-1



**Lesja  
nasjonalparkkommune**



Kommunedirektøren sitt forslag oktober 2020

## Innhald

Samandrag.....	3
1 Innleiing .....	4
1.1 Kommunal planstrategi .....	4
1.2 Ulike plantypar .....	5
1.3 Organisering av planarbeidet i Lesja kommune .....	5
1.4 Planar utarbeidd av andre styresmakter .....	6
2 Rammevilkår .....	7
2.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.....	7
2.3 Nasjonale føringar .....	7
2.4 Regionale føringar .....	7
3 Om Lesja kommune .....	9
3.1 Areal .....	9
3.1.1 Verna areal .....	9
3.1.2 Utmark.....	10
3.2 Befolkning i Lesja .....	10
3.3 Næringsliv og sysselsetting .....	13
3.3.1 Rovdyrtap .....	13
3.5 Naturressursar.....	13
3.6 Oppvekst.....	14
3.7 Helse, omsorg og folkehelse.....	15
3.7.1 Helse og omsorg .....	15
3.7.2 Barnevern .....	15
3.7.3 Folkehelseoversikta .....	15
3.8 Regionalt samarbeid og forvaltning.....	16
3.9 Organisasjonsliv («Det sivile samfunn»).....	17
4 Kommunebiletet for Lesja.....	18
5 Utfordringar og moglegheiter.....	19
5.1 Sentralisering – ein megatrend .....	19
5.2 Folkesetnaden .....	19
5.3 Næringslivet .....	19
5.4 Skule og barnehage.....	19



5.5 Helse, omsorg og folkehelse.....	20
5.6 IKT og digitalisering .....	20
5.7 Utmarksforvaltning og landbruk .....	21
5.8 Samfunnsikkerheit .....	21
7 Visjon .....	22
8 Strategiar og prioritert planoppgåver 2020-2024.....	22
8.1 Strategiar .....	22
8.2 Prioriterte planoppgåver 2020-2024 .....	23
Vedlegg – planverk i Lesja kommune .....	27



## Samandrag

Lesja kommune har på lik line med andre distriktkommuner utfordringar kring befolkningsnedgang, ein aldrande befolkning, kommuneøkonomi og utfordring med rekruttering av kvalifisert arbeidskraft innan enkelte stillingar. Samstundes er det ein brennande iver frå politikarar, kommunalt ansatte og ikkje minst den vanlege innbyggjar i kommunen til å ville få til utvikling av samfunnet, arbeidsplassar og kommunen. Vi møter utfordringar knytt til digitalisering og det grøne skifte.

Planstrategien inneheld ein kort samfunnsanalyse. Planstrategien legg opp til følgjande prioriterte planoppgåver;

Prioritert planoppgåve	når
Bjorli områdereguleringsplan	2020-21
Revidering av kommuneplan for Lesja- samfunnsdelen	2021
Revidering av kommuneplan for Lesja- arealdelen	Mål om 1.gangs høyring 2022.
Kommunedelplan naturmangfald (pilot)	2020-21
Friluftslivets ferdselsårer (prosjekt)	2020-21
Heilskapleg ROS-analyse Inkl. helsevern, helseberedskap, miljørettet helsevern, biologiske hendelser.	2021
Kommunedelplan for samfunnssikkerhet og beredskap	2022
Reguleringsplan for Lorkverna	2021-22
Vedlikehaldsplan for kommunale vegar og bygningar	2021-23
VA-rammeplan for Lesja og overvannsplan Bjorli	2020-21
Strategiplan oppvekst 2020-2025	2020/21
Strategiplan for eldreformen Leve hele livet.	2021/22
Behandle private reguleringsplanar	2020-23
IKT-plan Lesja	2021-23



# 1 Innleiing

## 1.1 Kommunal planstrategi


I tråd med plan- og bygningslova § 10-1 blir det her lagt fram kommunal planstrategi for Lesja kommune. Kommunen vil i planstrategien gje ein oversikt over viktige **utviklingstrekk** og **utfordringar i kommunen**. Det blir lagt fram overordna mål og strategiar for den kommunale planlegginga. Til slutt skal planstrategien gje ein oversikt over behovet for å utarbeide nye kommunale planar, og vurdering av det gjeldande planverket i kommunen.

*Plan og bygningslova § 10-1: «Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.*

*Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.*

*Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.*

*Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»*



Figur 1. Figur som viser sammenhengen mellom planstrategi – planer i kommunen og iverksetting (veileder T1476)

## 1.2 Ulike plantypar

Kommunen har eit omfattande planverk som omfattar areal, samfunnsutvikling og sektorane sine faglege oppgåver i den kommunale forvaltinga. I tabell 1 er det vist ein oversikt over ulike typar planar i Lesja kommune.

Tabell 1. Plantypar i Lesja kommune

Hovudtype	Undertype	Heimel
Arealplan	Arealdelen til kommuneplan (godkjend 2013).	Plan- og bygningslova kap. 11
	Områdereguleringsplan	Plan- og bygningslova kap. 12
	Detaljreguleringsplan	
Samfunnsplan	Samfunnsdelen til kommuneplan (godkjend 2007)	Plan- og bygningslova kap. 11
	Tematiske kommuneplanar for t.d. trafikkisikkerheit, kulturminne, næring, landbruk og så bortover (osb.)	
Planprogram	Planprogram blir fastsett for alle kommuneplanar og for reguleringsplanar som ikkje er i tråd med kommuneplanen.	Plan- og bygningslova § 4-1, jf. §§ 11-13 og 12-9.
ROS-analyse	Det blir utarbeidd Risiko og sårbarheitsanalyse for kommune- og reguleringsplanar.	Plan- og bygningslova § 4-3.
Fagplanar	Sektorane kan utarbeide eigne fagplanar som ikkje er forankra i reglane i plan- og bygningslova t.d. IKT-plan, smittevernplan, informasjonsplan, skiltplanar, kriseplanar osb.	Knytt til verksemda i den enkelte sektor.

## 1.3 Organisering av planarbeidet i Lesja kommune

Behandlinga av planforslag er delt mellom det administrative og politiske styringssystemet i kommunen.

**Kommunedirektøren** er ansvarleg for den administrative behandlinga av planar og planforslag. Planar etter plan- og bygningslova blir saksbehandla i sektor for forvaltning v. sektorleiar og planleggar/plan- og miljøkonsulent. Kommunedirektøren har oppretta eit **administrativt planforum** for ei fagleg drøfting/sikring av planforslag mellom medarbeidarar på plan, teknisk, byggjesak og landbruk. Andre fagpersonar kan bli invitert etter behov.

**Private** partar kan fremme forslag til detaljreguleringsplan.

**Statens Vegvesen** kan utarbeide planforslag og sjølv sørgje for offentleg ettersyn av reguleringsplanar for veganlegg.

**Kommunestyret** er øvste politiske organ for planbehandling i kommunen. Kommunestyret har delegert til **formannskapet** og sørgje for offentleg ettersyn og førebuande behandling av



forslag til kommuneplanar. Likeeins er **forvaltningsutvalet** ansvarleg for reguleringsplanar og områdereguleringsplanar i samsvar med overordna planar.

**Kommunestyret** skal fastsette planprogram for aktuelle planar, godkjenne den kommunale planstrategien og vedta reguleringsplanar, områdereguleringsplanar og kommuneplan. Utbyggingsavtalar vert vedtatt i kommunestyret.

**Mindre reguleringsendringer** (*jamfør pbl §12-14*) er delegert leder forvaltning.

Andre faglege planar kan bli saksbehandla av den enkelte sektor.

#### 1.4 Planar utarbeidd av andre styresmakter

Andre styresmakter er gjeve heimel til å utarbeide planar som kan påverke verksemder og forvaltning i kommunen. Det er vist ein oversikt over dette i tabell 2.

Tabell 2. Døme på viktig plantypar utarbeidd/godkjend av andre styresmakter.

Type	Styresmakt	Heimel
Regional plan	Fylkeskommunen	Plan- og bygningslova kap. III.
Verneplanar og forvaltingsplanar	Fylkesmannen, verneområdestyre	Naturmangfaldlova kap. V
Kraft- og energianlegg	NVE	Vannressurslova, energilova, vassdragsreguleringslova.

Regionale planar gjev overordna styresmakter heimel for å fremme **motsegn** til kommunale planar som er i strid med ein regional plan. Gjennom fastsetting av eigne **verneforskrifter** gjev verneplanane innskrenkingar i kommunen sitt forvaltningsmynde i dei aktuelle verneområda. Staten kan gje utbygger **konsesjon** (med vilkår) for regulering av vassdrag, bygging/drift av kraftanlegg og overføringslinjer.



## 2 Rammevilkår

### 2.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

I plan- og bygningslova § 6-1 heiter det:

*«For å fremme en bærekraftig utvikling skal Kongen hvert fjerde år utarbeide et dokument med nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging. Dette skal følges opp i planleggingen etter denne lov og legges til grunn for statens deltaking.»*

Regjeringa har sist utarbeidd eit slik dokument i mai 2019; nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. I dokumentet har dei følgjande hovudoverskrifter:

- **Kap 1 Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling**
  - FN berekraftsmål
  - tydeleg retning for samfunnsutviklinga
  - effektive og kunnskapsbaserte planprosessar
  - God gjennomføring av arealplanar
  - auka digitale verktøy
- **Kap 2 Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet**
  - Næringsutvikling gir grunnlag for velferd
  - Låge utslepp og tilpassa klimaendringar
  - Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
  - Ressursbasert næringsutvikling
- **Kap 3 Berekraftig areal- og transportutvikling**
  - Styrkt knutepunktutvikling
  - Meir vekt på regionale løysingar
- **Kap 4 Byar og tettstader der det er godt å bu og leve**
  - Opne og inkluderande
  - Trygge og helsefremjande
  - Kvalitet i dei fysiske omgivnadene våre
  - Levande sentrumsområde

### 2.3 Nasjonale føringar

Departementa og fagdirektorata innanfor statleg forvaltning har utarbeidd retningslinjer og rettleiarar for kommunal planlegging. Vedlegg i saka gje ei oversikt over sentrale føringar.

### 2.4 Regionale føringar

Regionale føringar for kommunen si planlegging ligg i planstrategien for Innlandet fylkeskommune, *Innlandsstrategien*, i regionale planar godkjend av fylkeskommunen (evt. departementet). For tida er Lesja omfatta av følgjande regionale planar:

- Fylkesdelplan for Dovrefjellområdet.
- Regional plan for vannforvaltning i vannregion Glomma 2016-2021



**Lesja**  
**nasjonalparkkommune**

- Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2015 - 2021
- Regional plan for folkehelse i Oppland.
- Regional plan for Ottadalsområdet
- Regional plan for Dovrefjellområdet
- Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland

For planlegging langs riks- og fylkesvegar finst denne:

- Retningslinjer for byggegrenser og avkjørsler, vedtatt 11.12.2012.



**Lesja  
nasjonalparkkommune**

## 3 Om Lesja kommune

### 3.1 Areal

Lesja kommune har eit areal på **2259,5 km<sup>2</sup>**. Det er i hovudsak busetting i hovuddalføret frå Joramo i aust til Stueflotten i vest ca 60 km langt. I tabell 4 er det vist ein oversikt over hovudgrupper av arealtypar ein finn i kommunen. Eit særtrekk ved kommunen er at heile 2205 km<sup>2</sup> ikkje er utbygde areal (skog, oppe fastmark, våtmark, bart fjell, grus- og blokkmark, varig snø, is og bre, og ferskvatn).

Tabell 4. *Hovudklasser av arealbruk og arealressursar (km<sup>2</sup>), etter arealklasse for Lesja kommune i 2015 og 2019. (etter SSB).*

Arealklasse	Areal (km <sup>2</sup> )	
	2015	2019
Boligbebyggelse	0,71	0.72
Fritidsbebyggelse	1,6	1.78
Bebygd område for landbruk og fiske	1,62	1.62
Næring, offentlig og privat tjenesteyting	0,5	0.61
Undervisning og barnehage	0,03	0.03
Helse- og sosialinstitusjoner	0,01	0.02
Kultur og religiøse aktiviteter	0,04	0.04
Transport, telekommunikasjon og teknisk infrastruktur	5,96	5.90
Beredskapstjenester og Forsvaret	0	0.00
Grønne områder, idretts- og sportsområder	0,87	0.89
Uklassifisert bebyggelse og anlegg	0,27	0.27
Jordbruksareal	43	43.69
Skog	311,74	310.89
Åpen fastmark	1272,5	1272.38
Våtmark	16,76	16.76
Bart fjell, grus- og blokkmark	488,95	488.97
Varig snø, is og bre	22,13	22.13
Ferskvann	92,81	92.82
Uklassifisert ubebygd område	0	0.00

#### 3.1.1 Verna areal

Lesja kommune er den kommunen i landet med mest verna areal, både i reelle og høvesvise verdiar, sjå tabell 5.

Tabell 5. *Naturvernområde i Lesja kommune pr. 2017*

	Vernet areal (km <sup>2</sup> )	Antall verneområder	Prosentvis del av kommunen sitt areal
Nasjonalpark	1229,01	2	54,4
Naturreservat	-	-	-
Landskapsverneområde	485,44	5	21,5
Andre fredningar	-	-	-
Sum	1714,45	-	75,9



### 3.1.2 Utmark

Lesja har vore ein føregangskommune når det gjeld utmarksforvaltning. Lesja fjellstyret var tidleg ut med å formalisere oppsynet med sine område, og etablerte fjelloppsyn på fulltid allereie på 1950-talet. Personar i kommunen var også pådrivarar for å etablere villrein på nytt i Reinheimen på 1960-talet. Også på Dalsida og i Snøhetta har kommunen spelt ei sterk fagleg rolle for forvaltning av villrein, fisk og fjellområde.

Lesja er blant dei kommunane i landet med størst villreinareal og flest fellingsrettar. Kommunen har også gjort ein stor innsats for å formidle naturverdiar og kulturhistorie knytt til fjellet gjennom utstillingar og aktivitetar på Lesja bygdemuseum.

Lesja har store utmarksressursar knytt til beite, jakt og fiske. I Lesja finst eit sterkt fagmiljø for forvaltning og formidling av desse verdiane.

### 3.2 Befolkning i Lesja

SSB oppgjev at Lesja kommune per 1.1 2020 har ei folkemengd på 1974 personar, fordelt på 1027 (52 %) menn og 947 (48 %) kvinner. Siden 2015 til 2020 har det blitt 1 % meir menn.

Tabellane og diagrammane viser følgjande tendensar;


- Ein aldrande befolkning.
- I dag er størst del av befolkninga i alderen 60-69år.
- Andel av befolkning over 69 år vil auke i åra framover.
- Befolkninga bur spreitt, med to tyngdepunkt i Lesja sentrum, og Lesjaskog.
- Befolkningsnedgang; forventta befolkningsframskriving (SSB) etter middel prognose: år 2030: 1825 2040: 1703.
- I delar av året (helgar og feriar spesielt) er innbyggartalet mangedobla av fritidsbebuarar. Dette påverkar tenestetilbodet kommunen leverar.
- Låg innvandrandel, med flest frå Tyskland, Polen og Litauen.

Etter SSB sin definisjon er det ikkje tettstader i Lesja. Innbyggjarane bur spreidd. Ein høvesvis stor del av landbrukseigedommane i Lesja har fast busetting.


SSB opplyser at det i 2020 er busett 100 personar med innvandrarbakgrunn Lesja, 35 færren enn i 2015.

Av figur 2 går det fram at folketalet kan gå attende med 7,6 % dei neste 10 åra. I same periode kan innbyggargruppa over 67 år sin del av folketalet auke med 23%.






Figur 2. Utvikling i folketall i prosent, middel fremskriving- (kjelde SSB).




Figur 3. Befolkningsutvikling folketall 0-5 år, 6-16 år og 67+ i kommunen per 1.1 årleg.





Figur 4. Utvikling i folketall for 67år og oppover viser ein klar tendens til fleire og fleire i gruppa 67-79 og 80-89 år fram mot år 2030.



Befolkning, Statistisk sentralbyrå  
 Figur 5. Folkemengd 1.januar 2020 i Lesja, etter kjønn og alder. (Kjelde: SSB)



**Lesja**  
 nasjonalparkkommune

Tabell 2. Personar med innvandrarbakgrunn i Lesja.

Land	Antall
Sverige	6
Litauen	31
Polen	41
Tyskland	13
Eritrea	5
Somalia	4

### 3.3 Næringsliv og sysselsetting

Næringsliv og sysselsetting på Lesja er dominert av tre større grupper:

- Landbruk
- Bygg og anlegg
- Offentleg forvaltning og tenesteyting.

Lesja har 2140 hytter og 993 eneboliger per 1.januar 2020. 351 personar pendlar til jobb i annan kommune, og 151 personar pendlar inn til kommunen på jobb (tal frå 2019, SSB). Det er potensiale til å få til auka verdiskaping innan reiselivet, ved f.eks fleire varme sengar og utvikling av tilleggsnæringar i landbruket.

#### 3.3.1 Rovdyrtap

I Lesja har det vore, og er framleis vesentleg tap av beitedyr til freda rovdyr. Særleg har forekomsten av jerv i beiteområda vore ei utfordring.

### 3.5 Naturressursar

#### Arealressursar

I tabell 11 er det vist ein oversikt over arealressursane i Lesja

Tabell 11. Arealressursar i Lesja. (Kjelde: Skog og landskap, AR5 årsversjon 2014 og 2018.)

Arealtype	2014		2018	
	Areal (daa)	%	Areal (daa)	%
Fulldyrka jord	37 810	1,7	38555	1,7
Overflatedyrka jord	734	0,0	743	0,0
Innmarksbeite	4 829	0,2	4807	0,2
Produktiv skog	157 738	7,3	157449	7,0
Uproduktiv skog	141 346	6,5	141206	6,2
Åpen myr	8 007	0,4	8007	0,4
Åpen jorddekt fastmark	184 120	8,5	184246	8,2
Åpen skrinn fastmark	189 894	8,8	190043	8,4
Bebyggd	2 342	0,1	2338	0,1
Samferdsel	2 878	0,1	2879	0,1
Snø og isbre	4	0,0	4	0,0
Totalt kartlagt i AR5	729 702	33,6	730277	32,3



Lesja  
nasjonalparkkommune

## Jordbruk

Innmarksareala for år 2019 utgjer 44105 daa, og fulldyrka jord utgjer heile 38555 daa av det totale jordbruksarealet. Lesja er heldig stilt ved at den dyrka marka i hovudsak ligg i nær tilknytning til gardane i bygda. Tilsvarande har seterarealet vorte meir ekstensivt nytta, i hovudsak til beite i samband med slepp og samling av beitedyr. Dette er likevel eit viktig element i bruken av utmarksbeitet. Også utmarksbeitet har stor verdi. NILF har for 2006 rekna ut verdien av utmarksbeitet i Oppland til godt og vel 41 mill. fôreiningar, og Lesja har følgeleg sin del av denne verdiskapinga. Lesja kommune har ny kommunedelplan for landbruk vedtatt i 2019.

- 48,1 % bur på ein landbrukseigedom

## Skogbruk

Det produktive skogarealet på Lesja er sett til 153160 daa. (SSB 2017). I 2017 var avverkinga på 4869m<sup>3</sup>, noko som gjev ei avverking på 0,03 m<sup>3</sup>/ daa/år. Dette indikerer at det er eit vesentleg ikkje utnyttat potensial i skogproduksjonen i Lesja.

## Byggjeråstoff.

I Lesja finn ein fleire mektige lausmasseførekomstar som er eigna for tekniske føremål. I tillegg er det planlagt uttak av fjell til knusing. Behov for tekniske masser er særleg stort vest i bygda.

## Vasskraft.

Aursjømagasinet er ein stor ressurs, som er nasjonalt viktig, for kraftproduksjon. I tillegg er det etablert småkraftverk i mindre sidevassdrag til Rauma og Lågen; Sagelva kraftverk, Valåe kraftverk og Kvernåe kraftverk.

## 3.6 Oppvekst

Utdanningsløpet er i dag frå barnehagen, grunnskulen og til fullført vidaregåande skule. Grunnskuleutdanninga i Lesja er lokalisert til to skuleplassar: Lesja sentrum og Lesjaskog. Elevane i Lesja har Dombås og Otta som sine næraste tilbod for vidaregåande opplæring. Men med eit nytt Innlandet fylke vil truleg strukturen og skuletilboda i dei vidaregåande skulane kunne bli endra både i innhald og lokalisering.


Gjennom nasjonale kartleggingar er det vist at skulane i Lesja held god kvalitet. Karaktersnitta ligg jamt over tal på lands- og fylkesnivå. Grunnskulepoeng i Lesja 2018-2019 er 43,2 mot 42,0 som er landsgjennomsnittet (grunnskulepoeng er stanpunktarakterar og eksamen i 10. klasse).

Elevane frå Lesja har svært høg gjennomføring og fullføring i den vidaregåande skulen. Lesja er blant dei beste i landet når det gjeld gjennomføring på yrkesfag.



**Lesja**  
nasjonalparkkommune

Figur 5 viser at i Lesja har over halvparten av befolkninga med høgaste utdanningsnivå vidaregåande opplæring, og ein låg prosent universitets- og høgskulenivå.



Figur 6. Befolkninga si høgaste utdanningsnivå i Lesja, statistikk for år 2018.

## 3.7 Helse, omsorg og folkehelse

### 3.7.1 Helse og omsorg

Nokre oppsummerte utfordringar for kommunen er, jamfør statistikkar til SSB, folkehelsestatistikken og etter erfaring i kommunen;

- Fleire oppgåver knyttet til psykisk helse for barn og unge. Mangel på psykolog gjør dette utfordrande.
- Det er sosiale forskjeller i barnefamilier, det vises også til statistikker til lavinnteksfamilier.
- Velferdsteknologi – det er eit behov vi ser i framtida for å kunne sikre nødvendige helsetenster og jobbe meir effektivt.
- Framleis noko desentraliserte tilbod med nedslitte lokaler.
- Utfordringar til å få rekruttert nok sjukepleiarar og helsearbeidarar.

Ein stor milepel skjer oktober 2020 der nytt helsehus og renovert gamleheim opnar. Det vert no samlokalisert lege, jordmor, helsesyster, fysioterapaut, psykisk helse, kreftsjukepleiar, tildelingskontor og sjukeheim. Eldreboliger ligg også same stad.

### 3.7.2 Barnevern

I 2022 trer ny barnevernreform i kraft. Dette vil påverke barnevernet med meir fokus og arbeid mot tidleg innsats og forebygging. Det skal vere tilpassa bborn og familiars behov betre. Ressursbruken og oppgåveløysinga skal bli meir effektiv, og det vert eit auka økonomisk ansvar (utgifter for kommunen), kompensert med auka rammetilskot.

### 3.7.3 Folkehelseoversikta

Kommunen er etter folkehelselova § 5 pålagt å ha ein skriftleg oversikt over helsetilstanden til innbygarane i kommunen. Folkehelselova definerer helse i vid forstand, og folkehelseoversikta har såleis statistikk for ei lang rad helsemessige og sosiale forhold som ein veit kan påverke helsetilstanden i innbygarane i kommunen. Lesja sin folkehelseoversikt er frå august 2017, med oppdaterte tal frå SSB per 1.januar 2020 og det blir her gjeve att dei viktigaste momenta i dokumentet:

- Talet på hushald med låg inntekt ligg på ca 12 %.
- Lesja har av det lågaste sjukefråveret i Nord-Gudbrandsdalen, og ligg eit prosentpoeng under nivået på landsbasis, 4,3% per 2020.
- Uføretrygda i Lesja er 8,3% av befolkning mellom 18 og 66 år.
- 1,5 % av arbeidsstyrken er arbeidsledig.
- Lesja har den lågaste prosentdelen mottakarar av sosialhjelp, 0,9 % av innbyggartalet i 2016.
- 94% tilfredsstillande drikkevannskvalitet.
- Etter undersøkelse i skulen 2018 viser det ein auka svarprosent som er blitt mobba(sjølv om talet synest lågt, bør ein merke seg at mobbing i sitt vesen er noko som råkar få og utsette elevar).
- Talet på ulukker og skader er på nivå med, eller litt lågare enn kva ein finn elles i regionen.
- Elevane i Lesja-skulen opplever trivsel og mestring
- Kun 60% av befolkninga er aktiv meir enn 3 gonger per veke (2015)
- Stabil bruk av medisin mot diabetes type 2 (sukkersyke).
- Lesja har hatt ein svak auke i bruk av medisinar mot hjerte- og karsjukdommar, og dødelegheiten er låg. Mindre medisinbruk enn elles i Nord-Gudbrandsdalen.
- Innbygarane i Lesja har vesentleg mindre bruk av fastlege og spesialhelseteneste enn kva som elles er vanleg.
- I Lesja er bruken av antidepressiva o.l. låg (89 personar i gj.snitt i perioda 2014-2016)

### 3.8 Regionalt samarbeid og forvaltning

Lesja kommune deltek i ei rad regionale og interkommunale samarbeid. Dei viktigaste er omtalt her.

- **Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen (6 kommunar)** (politisk organ som m.a. skal fremje regionen sine interesser)
- **Regiondata** (Interkommunalt selskap for felles IKT-løysing for kommunane i Nord-Gudbrandsdalen.
- **Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (NGR)**
- **Kartsamarbeid i Nord-Gudbrandsdalen (NGGIS)**  
Formalisert samarbeid om forvaltning av geodata, og levering av karttenester.
- **Nord-Gudbrandsdalen lokalmedisinske senter**
- **Andre regionale samarbeid**
  - Nord-Gudbrandsdal PPT
  - Ulike 6 kommuner faglige samarbeidsforum; 6K oppvekst, 6K barnevern, 6K anskaffelse, 6K veredskap, 6K byggesak, 6K GDPR, 6K hels, 6K kulturskole, 6K næring, 6K VA, 6K økonomi, 6K Visma



- **Slådalsvegen** (Vågå/Lesja kommuner)
- **Verneområdestyre** (Dovrefjell nasjonalparkstyre og Reinheimen nasjonalparkstyre)
- **Villreinnemnder** (Villreinnemnda for Snøhetta og Knutshø, og Villreinnemnda for Reinheimen Breheimen)
- **Personvernombud for Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk kommuner**
- **Vertskommuneavtale om tilsyn av byggesaker – vertskommune Vågå kommune**
- **Lesja og Dovre brannvesen**
- **Felles landbrukskontor for Lesja og Dovre**
- **Felles barnevernkontor for Lesja og Dovre**
- **Felles NAV-kontor for Lesja og Dovre**

### 3.9 Organisasjonsliv («Det sivile samfunn»)

I Lesja kommune er det eit rikt og mangfaldig organisasjonsliv knytt til ulike felt og interesser. Lesja har skåra høgt på frivilligheit. Samstundes er utfordringa framover at vi vert færre folk.

#### Politiske parti

Tre ulike politiske parti har lokallag i Lesja: Senterpartiet, Arbeiderpartiet og Høgre.

#### Arbeidsliv

Dei vanlege arbeidstakarorganisasjonane har foreiningar i Lesja: LO, YS, Akademikerne.

#### Næring

Viktige næringsorganisasjonar i Lesja er: Norges Bondelag, Norges Bonde- og småbrukarlag, Mjøsen Skog AS, Norsk Sau og Geit, Nasjonalparkkrieket Reiseliv AS, Bjorli-Lesja næringslag, Lesja grunneigarlag og heimrast, Lesjaskog viltlag og heimrast, Lågen fiskeelv.

#### Idrett

I Lesja finn ein eit allsidig idrettsliv med m.a.: Lesja idrettslag, Lesjaskog idrettslag, Lesja skytterlag, Lora skyttarlag, Lesjaskog skyttarlag, Lesja og Dovre sykleklubb, Lesja fallskjermklubb og NMK Nord-Gudbrandsdalen.

#### Kultur

Lesja har eit aktivt kulturliv med m.a.:

- Kjøremgrenda musikkforening
- Lesja skulemusikk
- Lesjaskog skulemusikk
- Lesja og Lesjaskog sangkor
- Ungdomslaget Verdandi
- Lesja Husflidslag.

#### Andre ideelle organisasjonar

- Lesja historielag



**Lesja**  
nasjonalparkkommune

- Lesja bygdemuseum – venneforeining
- Stueflotten kulturlag
- Norsk Jeger- og fiskeforening Lesja
- Lesjaskog sanitetsforening
- Lesja bygdekvinnelag
- Lesjaskog bygdekvinnelag og
- sju grendeutval

24 frivillige lag og organisasjonar i alt jamfør SSB per 1.januar 2020. Og talet er nok enda større.

#### 4 Kommunebiletet for Lesja

Fylkesmannen presenterer årleg såkalla «kommunebilder» som viser situasjonen i kommunen for ulike parameter, basert på tilgjengeleg KOSTRA-statistikk med meir. Kommunebiletet for Lesja i 2020 ligg framleis ute som ein foreløpig versjon, og viser slike hovudtrekk for kommunen:

##### Grøne område:

- **Kommuneøkonomi:** Jamnt gode driftsresultat sidan 2015. Andel over 67 år og eldre vil auke mot 2040, og bli færre i dei øvrige aldersgruppene.
- **Skule:** dei siste tre åra 2016-2018 har elevane i Lesja 43,2 grunnskulepoeng i gjennomsnitt, landsgjennomsnitt er 41,7.
- **Helse og velferd:** Låge tal for bruk av sosiale tenester. Rus og psykisk helse har gjennomført eigenkartlegging. Kommunen har oversikt over helestilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som verker inn på denne. Innan barnevern ser Fylkesmannen det positivt med samarbeid om felles akuttberedskap i Nord-Gudbrandsdalen, samt interkommunalt samarbeid med Dovre.
- **Samfunnssikkerheit:** Kommunen har god tilgang på beredskapsressurser. Kommunen har en god helhetlig ROS-analyse og plan for oppfølging av beredskapsarbeidet

##### Gule område:

- **Planmyndighet:** Kommunen sin samfunnsdel er gammal og bør revideras.
- **Læringsmiljø barn og unge:** viser til ein elevundersøking med relativ høg andel mobbing.
- **Helse og omsorg:** kommunen manglar psykolog (lovkrav frå 2020). Kommunen har ingen plan for implementering av handlingsplan for forebygging av selvmord og selvskading.
- **Sosiale tenester:** høg andel med born som lev i hushaldning med vedvarande lavinntekt.
- **Barnevern:** Andel born med barneverntiltak høgare enn landet ellers. (6,7 i Lesja, mot 3,8 Norge).
- **Klima:** Gammal klima- og energiplan (2012).
- **Landbruk:** Tilfredsstillende kompetanse og kapasitet innan jordbruksmyndigheiten. Ingen risikobasert kontroll av skogbrukstiltak i 2018 eller 2019.

##### Raude område:



**Lesja  
nasjonalparkkommune**

- **Helse og velferd:**
- **Samfunnssikkerheit:** Lesja har ingen kommunal kriseledelse jf. krav i lov og forskrift. Kommunen har mangler i overordnet beredskapsplan, har ikkje eit system for opplæring og kommunens politiske og administrative ledelse er ikkje øvd. Lesja mangler også ROS-analyser og planverk innen helseberedskapsområdet som oppfyller kravene.

Kommentar: Lesja kommune har organisert beredskapen felles med Dovre kommune der brann og beredskapssjefen er leiar.

## 5 utfordringar og moglegheiter

### 5.1 Sentralisering – ein megatrend

Sentralisering er ein såkalla megatrend i samfunnet, og dei fleste distriktskommunar opplever nedgang i folketalet. Utvikling i infrastruktur, næringsliv, utdanningsnivå, kultur- og inntektsnivå gjer byar og sentrale strøk til attraktive område for individuell og samfunnsmessig utvikling.

I vårt land er det trass i dette enno levande lokalsamfunn i distrikta, som t.d. Lesja. Lesja bidreg såleis til verdiskapinga i landet, og verdiar her knytt til kulturarv og natur er viktige for folk sin livskvalitet, også i sentrale strok.

### 5.2 Folkesetnaden

Menneska som bur i kommunen er *den viktigaste ressursen for vekst og utvikling*, og nedgang i folketalet er derfor ikkje positivt for verdiskaping og utvikling av sosiale og kulturelle arenaer. Negativt er det også at overføringane til kommunen går ned med nedgang i folketalet.

Kartleggingar, m.a. gjennom folkehelseoversikta viser likevel at innbyggjarane i Lesja har god helse, opplever stor grad av trivsel og har gode sosiale relasjonar. Det er ein styrkje med tanke på framtidig busetting, og utvikling av lokalsamfunnet.

### 5.3 Næringslivet

Landbruket er den viktigaste næringsgreina i Lesja, og vil vera det i uoverskodeleg framtid. Kommunen vil derfor ha mykje att for å satse på landbruket i sitt næringsarbeid. Det er eit stort potensiale innan tilleggsnæringer.

Området Bjorli-Lesjaskog er eit viktig område for reiselivsutvikling i kommunen. Statistikken viser at det er ei utfordring å skape varige, lokale arbeidsplassar i reiselivet på Lesja. Satsinga på hyttebygging har likevel lagt til rette for at bygg- og anleggsbransjen har vorte ei viktig næring i Lesja. Det er no ein stor områderegeringsplan for Bjorli under arbeid. Målet med planarbeidet er å få ei ramme for auka verdiskaping, fleire arbeidsplassar innan reiselivet. Dette vil også krevje fokus mot sentrumsutvikling og ein mogleg sentrumsplan for Bjorli med tydelegare fokus på parkering, grøne og trafikktrygge område og attraktivitet. Omsynet til friluftsliv og stigar og løyper, samt sambruk er også ei utfordring. Kommunen treng også ein næringsplan, men dette må eventuelt komme etter kommuneplanens samfunnsdel.



**Lesja  
nasjonalparkkommune**

## 5.4 Skule og barnehage

Det har vore drive eit målretta utviklingsarbeid over fleire år med vekt på både læringsmiljø og grunnleggjande ferdigheiter i basisfaga.

Lesja kan vise til gode læringsresultatresultat, og jamt over god trivsel for elevane i grunnskulen. Men seinare undersøkingar viser at ikkje alle elevar trivast på skulen og nokre opplever ulike former for mobbing.

Om framskrivinga av folketal / barnetal held fram med negativ utvikling vil det kunne bli ei utfordring å oppretthalde to skuleplassar med sterke fagmiljø. Det vil kunne bli utfordrande å behalde og rekruttere nødvendig og riktig kompetanse i skule og barnehage innan enkelte fagfelt. Ein overordna strategiplan oppvekst 2020-2025 er under utarbeiding og vil drøfte dei utfordringane ein ser kan komme.

Lesja har saman med Dovre kjempa for eit vidaregåande opplæringstilbod på Dombås. Ein vidaregåande skule i nærområdet er viktig for å sikre at blir ein høg prosentdel som fullfører vidaregåande utdanning, og for oppretthalde gode ungdomsmiljø i lokalsamfunnet.

## 5.5 Helse, omsorg og folkehelse

Kommunen har ei godt tilbod til innbyggjarar med behov for pleie/omsorg og sosiale tenester. I oktober 2020 sto nytt helsehus ferdig med samlokalisering av sjukeheim, helsestasjon og legekontor. Like ved ligg også eldre-boliger. Nokre sentrale utfordringar er;

- sikre god rekruttering og behalde kvalifisert arbeidskraft. Døme; sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og psykolog.


- korleis imøtekomme dagens samfunnskrav til digitalisering og effektivisering.

Innan helse og omsorg kjem det stadig nye brukarar som treng individuell oppfølging og tilpassing. Befolkningsframskrivinga syner ein aldrande befolkning.

## 5.6 IKT og digitalisering

Alle sektorar i kommunen har meldt inn at ein treng oppdatert IKT-utstyr og kompetanse, og nok og tilstrekkeleg IKT-personell. Til dette treng det både økonomiske midlar, kompetanseheving innan fleire sektorar og ein plan eller strategi for arbeidet for å følgje opp denne utfordringa. Gode basisløyser og god infrastruktur er grunnmuren i vår digitale verden. Lesja har vedtatt regional digitaliseringsplan (2017), man manglar IKT-strategi. Eit anna hovudutfordring er digitalisering. Det er stadig etterspurt korleis ein skal effektivisere alt frå byggesak til helsearbeid med fleir. Også innan skule er behovet stort.





Figur 7. Figur som viser sammenheng mellom IKT-strategi og digitaliseringsstrategi.

## 5.7 Utmarksforvaltning og landbruk

Lesja kommune har gjennom ulike verneprosessar fått verna svært store areal, og kommunen sitt bidrag for å sikre nasjonale verneinteresser er såleis stort. Villreinen er ein stor ressurs for Lesja kommune, både som jaktbar art, tradisjonsberar og attraksjon i reiselivet. Det er i førre planperiode starta opp arbeid med ein tematisk kommunedelplan for utmark i kommunen. Den skulle blant anna sette ein tydeleg kurs på bruk og vern, og sjå moglegheiter, og sette tydelege retningslinjer. Skjerme dei nasjonale interessane med villrein og fjellrev med fleir, samt strategiar for meirbruk og betre ressursutnytting reiselivsmessig og i seterdalane Lordalen og Dalsida.

Dei seinare års arbeid med regionale villreinplanar har likevel ført til meir fokus på arealbrukskonfliktar enn moglegheiter for lokalsamfunnet. Kommunen har truleg eit ikkje utnyttja potensiale for forvaltning og verdiskaping i tilknytning til villrein, natur og verneområde.

Landbruket i Lesja står sterkt og er framleis ei nøkkelnæring i bygda. I 2019 vart det utarbeidd ein tematisk kommunedelplan for landbruk, som må følgjast opp i denne planperioda. Samfunnet går også gjennom eit grønt skifte, kommunen må også ta stilling til korleis ein skal møte dette.

## 5.8 Samfunnssikkerheit

Kommunen har ei nøkkelrolle i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap som planmyndigheit, tenesteprodusent og som pådrivar innanfor samfunnsutvikling på lokalt nivå. Det skal jobbas systematisk og heilheitleg med samfunnssikkerheitsarbeidet på tvers av sektorar i kommunen, med sikte på å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar.

Kommunene er lokal planmyndigheit og har ansvar for at det tas omsyn til samfunnssikkerheit i planlegging etter plan- og bygningsloven. Kommunen har også ansvar for å følgje opp krav til kommunal beredskapsplikt i sivilbeskyttelsesloven. Samla sett gje dette kommunen ei viktig rolle som lokal samordnar av samfunnssikkerheit og beredskap.

Kommunen står overfor endringer der forhold som befolkningssamansetning, klimaendringer, næringsstruktur og kommunikasjon gje konsekvensar for samfunnssikkerheiten. Digitalisering medfører nye sårbarheiter.

Covid-19 er ein pågåande hendelse med stor påverknig på fleire område som kommunal tenesteproduksjon, privat næringsliv og økonomi, regionalt samarbeid og samordning mellom mange etatar.

Lesja og Dovre kommunar har hatt felles brannberedskap sidan 1957 og med felles likelydande kommunestyrevedtak av 2015 også felles kriseberedskap.

Det foreligger avvik etter tilsyn fra Fylkesmannen som må lukkas.

## 7 Visjon

Med bakgrunn i kommuneplanens samfunnsdel, dei utfordringar kommunen møter, og dei ressursane kommunen rår over blir følgjande visjon lagt til grunn for planarbeidet i Lesja kommune:

**Lesja kommune skal bestå som eit berekraftig lokalsamfunn på lang sikt, der kommunen legg til rette for:**

- **Trygge bu- og oppvekstvilkår.**
- **Framtidsretta rammer for næringsutvikling.**
- **Ein aktiv bruk av utmarka med gode fagmiljø og berekraftig ressursutnytting.**
- **Tryggleik for innbyggerane gjennom gode helse- og sosialtenester.**
- **Tilfredsstillande samfunnstryggleik og beredskap.**

## 8 Strategiar og prioritert planoppgåver 2020-2024

### 8.1 Strategiar

1. Kommunen skal gjennom si planlegging samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver for bruk og vern av ressursar.

2. Kommunens samfunnsdel skal sette kurs for gode strategiar for samfunnsutvikling av Lesja samfunnet og for kommunen.

3. I arealdelen til kommuneplanen skal kommunen sørgje for tilstrekkeleg areal for bustadbygging, næringsutvikling og bygging av fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur. Det skal ikkje leggest til rette for nye byggeområde sør for Gudbrandsdalslågen og Rauma.



**Lesja  
nasjonalparkkommune**

3. Kommunen har ein relativ stor andel private reguleringsplanforslag – dersom desse fylgjer krave i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter skal desse prioriteras høgt for ein effektiv og sikker saksbehandling. Dette vil vere viktig for næringsutvikling og samfunnsutvikling.
4. Kommunen utarbeider sjølv reguleringsplanar der dette følgjer av kommuneplanen.
5. Kommunen bør for fagområde som involverer overordna styresmakter og private partar utarbeide tematiske kommuneplanar.
6. Det skal satsas på digitalisering i heile kommunen for å imøtekomme samfunnets utvikling.
6. For faglege oppgåver som er knytt til kommunen si eiga forvaltning og drift kan det utarbeidast fagplanar utan forankring i plan- og bygningslova.
9. Kommunen vil med nytt sak-/arkivsystem i 2021 ta i bruk e-byggesak og plandialog i behandling av arealplanar.
10. Kommunen vil satse vidare på det regionale GIS-samarbeidet i Nord-Gudbrandsdalen, og ser at det er avgjerande for å kunne lukkast med digitalisering av planprosessane.

## 8.2 Prioriterte planoppgåver 2020-2024

Med bakgrunn i dei utfordringar kommunen møter, innspel i kommunebiletet og kommuneplan for Lesja vil Lesja kommune prioritere følgjande planoppgåver i perioden 2020 – 2024 (meir om prioriteringane under):

Prioritert planoppgåve	når
Bjorli områdereguleringsplan	2020-21
Revidering av kommuneplan for Lesja- samfunnsdelen	2021
Revidering av kommuneplan for Lesja- arealdelen	Mål om 1.gangs høyring 2022.
Kommunedelplan naturmangfald (pilot)	2020-21
Friluftslivets ferdselsårer (prosjekt)	2020-21
Heilskapleg ROS-analyse Inkl. helsevern, helseberedskap, miljørettet helsevern, biologiske hendelser.	2021
Kommunedelplan for samfunnssikkerhet og beredskap	2022
Reguleringsplan for Lorkverna	2021-22
Vedlikehaldsplan for kommunale vegar og bygningar	2021-23
VA-rammeplan for Lesja og overvannsplan Bjorli	2020-21
Strategiplan oppvekst 2020-2025	2020/21
Strategiplan for eldreformen Leve hele livet.	2021/22
Behandle private reguleringsplanar	2020-23
IKT-plan Lesja	2021-23

### 1. Bjorli områdereguleringsplan



**Lesja  
nasjonalparkkommune**

Lesja kommune har gått i samarbeid med Bjorli Utvikling AS om utarbeide ein områdereguleringsplan for dagens skitrekk og vest for dette for Bjorli. Målet er fleire varme senger, og fleire fritidsbebyggelse, ny heisstruktur og løyper med gode løysingar. Dette vil på sikt kunne generere fleire arbeidsplassar, aktivitet og befolkning.

